

Tur nr 08 Gjerseggi

Lett tur til den fråflytta fjellgarden Gjerseggi. Fint utsyn over Fortunsdalen.

Parkering: Parker på plassen ved Vassbakken Kro og Camping som ligg 3 km frå Skjolden på riksveg 55 mot Lom.

N 61°29' 06" E 07°38' 55"
Sone 32 N 6817556 E 428029

Tid: 2,5 timar (Total gangtid, tur-retur)
Høgde: 20– 350 moh
Lengd: 4 km (Tur-retur)
Kart: Lusterfjorden 14171(1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)
Post: Ved Vårstølen 200 m over havet
Merking: Traktorveg + O-merka sti

Vegen:

Følg traktorvegen frå parkeringsplassen mot elva. Sjå skilt.

Gå over brua og rett fram gjennom gri da til utmarka.

Følg traktorveg til du er framme.



Vegen går i frodig lauvskog og sjølvplanta furuskog opp gjennom utmarka. Etter kvart som vi stig oppover, får vi godt utsyn mot Fortunsdalen og fjella på andre sida. Her ser vi dei fråflytta fjellgardane Fuglesteg og Furåsen og fjellstølen Lingane.

Gjerseggi er ein gammal gard, og finst i offentlege arkiv frå tidleg på 1300-talet. Etter svartedauden låg garden lenge ubrukt. Først om lag år 1600 vart garden teken i bruk att. Garden leigde støl hjå Drægne på Ruskesete (vårstøl) og i Råsane (fjellstøl). I nyare tid hadde Gjerseggi ein vårstøl som låg lågare enn garden, (om lag 200 meter over havet). (Posten står her)

Garden ligg bratt til under Bolstadnosi (Gjerseggnosi), og hausten 1968 kom det eit stort ras vest for husa. Raset stengde vegen til delar av innmarka, og truga med å øydeleggja husa på garden. Naturskadefondet rådde familien til å flytta, og same året vart garden fråflytt. Etter eit par år vart gardsdrifta heilt nedlagt.



Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk